



Interkommunalt politisk råd

Nord-Gudbrandsdal

SKJÅK LOM VÅGÅ SEL DOVRE LESJA

HANDLINGSPLAN

2024

Vedteke i Representantskapet 15.12.23.

INNHALD

Satsingsområde 1 – ARBEIDSPASSAR.....	3
Felles næringsamarbeid (6K Næring)	4
Utdanning og fagopplæring.....	5
Innovasjonsverkstad.....	6
Interkommunalt samarbeid - INSAM – kommunal tjenesteutvikling	7
Velferdsteknologi og digital heimeoppfølging	9
Digital heimeoppfølging	12
Styrk Sel - omstillingsprogrammet i Sel.....	12
Gudbrandsdalstinget	14
Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid.....	14
Politisk interessearbeid	15
Oppfølging av Hurdalsplattforma.....	15
Rekrutteringsarbeid - faste stillingar i regionadministrasjon.....	17
Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR	18
Nasjonal Transportplan 2025-2036.....	19
Innspel som synleggjer våre prioriteringar til Innlandet fylkeskommune/Fylkesvegprogrammet og mobilitet	19
Luftfart.....	21
Breiband	22
Satsingsområde 3 – ATTRAKTIVITET	23
Arbeid og bustad	24
Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal	26
Kjøp av tenester til profilering.....	27
Ung i Nasjonalparkriket	27
Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal	29
Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	30
Medlemskap i nettverk	31
Fjellnettverket	31
Ungt Entreprenørskap.....	31
HelseINN.....	32

Satsingsområde 1 – ARBEIDSPASSAR

Strategiar:

Koordinere næringsutvikling gjennom 6K Næring (eit forum der dei næringsansvarlege i kvar kommune og Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal deltek) og profesjonalisert næringsbistand.

Arbeide for auka verdiskaping i eksisterande og nye næringar.

Felles næringsssamarbeid (6K Næring)	
Status	Alle næringskonsulentane/sjefane møtes fast til møte ein halvtime på Teams kvar veke. Dagleg leiar og/eller regionkonsulent tar del i møta. Grupperinga er elles sentrale i alt arbeid med "Attraktivitet" i IPR sin regi. Målsettinga er i fyste omgang å dele erfaringar, samt å drøfte felles utfordringar. <i>Prosjektregnskap 272</i>
Beskriving	Dei utvalde tema skal vera i tråd med den gjeldande strategiske handlingsplanen for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal.
Målsetting	Å styrke Nord-Gudbrandsdalen som eit attraktivt område både for privatpersonar og næringsliv, gjennom å finne innovative og framoverlente måtar å arbeide på mot næringslivet, innbyggjarar og potensielle etablerarar.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide om: • Førstelineteneste bedrifter, inkl. operativ støtte til enkeltbedrifter opp mot verkemiddelapparatet • Attraktivitetsarbeid - Rekruttering av innbyggjarar og næringsaktørar • Kompetanseheving og nettverksarbeid • Arbeid overfor verkemiddelapparat på fylkes- og riksnivå • Arbeid overfor sentrale myndigheiter i felles nærings- og regionalpolitiske saker • Ad hoc næringsarbeid og næringsprosjekt
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunane • Regionadministrasjonen • Verkemiddelapparatet generelt
Løyving 2024	Inga løyving

Utdanning og fagopplæring	
Status	Både privat og offentlig sektor i regionen har aukande utfordringar med rekruttering av kvalifisert arbeidskraft med fag-/svennebrev eller høgare utdanning. Breidda i utdanningstilbodet ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule har vorte smalare og dekker i mindre grad enn før behovet i arbeidslivet i regionen. Framleis redusert elevtilgang og pressa økonomi i fylkeskommunen kan bety ytterlegare reduksjon i utdanningstilbodet. Kommunane og næringslivet etterspør fleire fleksible og desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod, mellom anna profesjonsutdanningar i sjukepleie og vernepleie og digital kompetanse.
Beskriving	Rekruttering av nye medarbeidarar med rett kompetanse er avgjerande for tenesteproduksjonen i kommunane, verdiskaping og nye arbeidsplassar i næringslivet og nødvendig omstilling og nyskaping. Fylkeskommunen, kommunane, næringslivet og høgre utdanningsinstitusjonar må tenke nytt og innovativt rundt utdanningsmodellar og rekrutteringstiltak. Tilbodet i vidaregåande skule og utdanningstilbod for vaksne må vere føreseielege og stabile.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Styrke rekrutteringa av medarbeidarar til bransjane og tenestene som i dag har rekrutteringsutfordringar • Oppretthalde eksisterande tilbod ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule • Etablere nye tilbod og reetablere tidlegare tilbod gjennom fleksibel organisering av undervisning • Utvikle eller formidle fleire, fleksible etter- og vidareutdanningstilbod for vaksne
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle fleire fleksible utdannings- og undervisningstilbod • Avklare grunnlaget for desentralisert sjukepleiarutdanning. • Forsterke dialogen mellom fylkeskommunen, kommunane, næringslivet og opplæringskontora • Arbeide for å auke læreplassar i regionen i privat og offentlig sektor
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Karriere Gudbrandsdal • Kommunane og Innlandet fylkeskommune • Skulane • NHO og LO • Kompetanseforum Nord-Gudbrandsdal • Opplæringskontora • Organisasjonar og nettverk i det regionale næringslivet
Løyving 2024	Inga løyving

Innovasjonsverkstad	
Status	Sel kommune fekk i 2022 tilskot frå Statsforvaltaren til etablering av ein regional innovasjonsverkstad for helsetenester knytt til NGLMS. Regionkontoret har sidan våren 2023 hatt prosjektleiinga. Det viste seg ikkje mogleg å finne eigna lokale i nærleiken av NGLMS. Frå hausten 2023 er det difor arbeid med sikte på lokalisering ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule avd. Otta. Innlandet fylkeskommune er frå same tidspunkt med som partner i prosjektet.
Beskriving	Kommunane i Nord-Gudbrandsdal skal etablere ein innovasjonsverkstad for utvikling av tenestetilboda innan helse, pleie og omsorg i regionen. Arbeidet bygger på HelseINN sin innovasjonsmetodikk og erfaringane frå tilsvarande innovasjonsverkstader i Elverum og Gjøvik. Verkstaden skal legge til rette for auka samhandling, samarbeid og innovasjon mellom kommunane i regionen og HelseINN, Sykehuset Innlandet og Innlandet fylkeskommune. Desse tre aktørane er partnarar i prosjektet saman med 6K. Sel kommune er vertskommune for prosjektet.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle helsetilbodet i regionen gjennom kunnskapsbasert innovasjon. • Styrke samarbeidet mellom kommunehelsetenestene og spesialisthelsetenesta gjennom samskaping, innovasjon og integrasjon. • Styrke samarbeidet mellom kommunane og helseutdanninga i vidaregåande skule. • Utvikle innovasjonsverkstaden som ressurs i tilrettelegging for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod på høgskole- og universitetsnivå. • Etablere ein arena for involvering av brukarar av helsetenestene og deira pårørande. • Forsterke delingskulturen mellom kommunane.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Inngå ei partnarskapsavtale mellom Sel kommune/6K, HelseINN, Innlandet fylkeskommune og Sykehuset Innlandet. • Gjere avtale med Innlandet fylkeskommune om bruk av areal, inventar og utstyr. • Etablere ei plattform for drift og innhaldsproduksjon inklusiv ein definert personalressurs. • Avklare den juridiske eigarskapen ved overgang frå prosjekt- til driftsfase. • Sikre finansiering av drifta med årlege budsjett og handlingsplanar.

	<ul style="list-style-type: none"> • Inngå avtaler med øvrige samarbeidspartnarar utanfor regionen
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Sel kommune • 6K Helse • HelseINN • Sykehuset Innlandet • Innlandet fylkeskommune/Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule • Helsefellesskapet Innlandet • Brukarorganisasjonar • Senter for et aldersvennlig Norge • NTNU • HINN • Fagskolen Innlandet • Næringslivet/leverandørar av teknologi
Løyving 2024	200 000

Interkommunalt samarbeid - INSAM – kommunal tjenesteutvikling	
Status	Kommunestyra vedtok i 2023 Handbok og Viljeserklæring for interkommunalt samarbeid – forkorta INSAM. Gjennom Handboka med årshjul for samhandlinga i 6K har kommunane fått på plass prinsipp, struktur og retningsliner for samarbeidet – generelt og for det einskilde samarbeidsområdet. Etter utprøving i 2023 blir Handboka og Viljeserklæringa frå 2024 den faste plattformen for INSAM.
Beskriving	Kommunedirektørane er ansvarlege for oppfølging av Handbok og viljeserklæring og inngåtte samarbeidsavtalene om dei ulike tenestene. Kommunedirektørane i vertskommunane er delegert mynde til drift og utvikling av respektive samarbeid med føresetnad om god rapportering til og involvering av kommunedirektørane i samarbeidskommunane. Kommunedirektørane i samarbeidskommunane har ansvaret for å gje vertskommunen best mogleg grunnlag for å yte gode og føreseielege tenester. Samarbeidet basert på Handbok og Viljeserklæring blir koordinert og tilrettelagt av dagleg leiar i IPR. Frå 2024 vil det vere avsett ein eigen personalressurs til dette arbeidet.
Målsetting	Dagleg leiar skal fasilitere samarbeidet på ein slik måte at kommunedirektørane kan følgje opp målsettingane og køyrereglane i Handbok og Viljeserklæring.

	I samarbeid med leiaren i kommunedirektør-nettverket skal dagleg leiar sikre at representantskapet og regionstyret på eit overordna nivå er informerte om INSAM.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Førebu INSAM-møtene i samarbeid med leiar i kommunedirektør-nettverket og dei andre kommunedirektørane • Lage skriftlege oppsummeringar etter kvart INSAM-møte • Oppdatere INSAM-området i Teams • Understøtte vertskommunane innanfor ramene av den tilgjengelege personalressursen ved regionkontoret
Ressursar	Medarbeidar ved regionkontoret tilsvarande ca 50% stilling.
Løyving 2024	Kommunal finansiering

Vidare satsing på innovasjon	
Status	Prosjektperioden for Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal gjekk ut 2023. Frå både politisk og administrativ leiing i kommunane er det uttrykt eit ønske om at det blir vidareført ein personalressurs i IPR som understøttar innovasjonsarbeidet i kommunane og det regionale samarbeidet.
Beskriving	<p>Kommunane i Nord-Gudbrandsdal har eit stort behov og potensial for meir innovasjons- og utviklingsarbeid for å vidareutvikle og sikre gode, offentlege tenester i ei tid karakterisert av endra demografi, auka konkurranse om medarbeidarar, trongare kommuneøkonomi, digitalisering og grøn omstilling.</p> <p>Regionadministrasjonen skal rådgje og støtte innovasjonsarbeidet i kommunane og bidra i vidare bygging av kompetanse og kultur for innovasjon og omstilling. Administrasjonen kan koordinere prosessar og prosjekt i ei innleiande fase. I tillegg skal administrasjonen vere bindeledd mellom kommunane, høgskule- og universitetssektoren og verkemiddelapparatet.</p>
Målsetting	Gjennom ein eigen personalressurs i 50 % skal IPR vidareføre målsettingane i Universitetsregion-prosjektet om bygging av nettverk, strukturar, kompetanse og kultur for nyskaping.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Konsolidere samarbeidet om innovasjon i regionen. • Støtte innovasjons- og utviklingsprosessar i kommunane. • Ta initiativ til prosjekt og formidle til kommunane idéar til innovasjon frå andre kommunar og regionar. • Bidra i vidareutvikle ein kultur og struktur for innovasjon som har tydeleg politisk og administrativ forankring og støtte. • Styrke innovasjons- og metodekompetansen i regionen.

	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til å utløyse meir forskings- og utviklingsmiddel til regionen.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • NTNU, HINN, HelseINN og andre aktørar innan forskning, utdanning og innovasjon • Kommunane i regionen • Innlandet fylkeskommune • Statsforvaltaren i Innlandet • Verkemiddelapparatet • Distriktssenteret • Private næringsaktørar • Skåppå AS
Løyving 2024	250 000

Velferdsteknologi og digital heimeoppfølging	
Status	Velferdsteknologi og Digital heimeoppfølging blir frå 2024 lagt inn under ei stilling. Prosjektregnskap 283/293.
Beskriving	<p>Nasjonalt Velferdsteknologiprogram (NVP) har på gått sidan 2014. Det har sitt utspring i Meld. St. 29 Morgendagens omsorg (2012-2013), og skulle opprinneleg vare ut 2020. Det er nå vorte forlenga ut 2024, og omtales som følger i <u>regjeringserklæringen (Hurdalsplattformen)</u>:</p> <p><i>Regjeringa vil etablere en helseteknologiordning som støtter innføring av ny teknologi i helsetenestene og vidareføre Nasjonalt velferdsteknologiprogram slik at vi får eit kompetanseløft for velferdsteknologi i norske kommuner.</i></p> <p><i>Det overordna samfunns målet er at velferdsteknologi og digital heimeoppfølging skal føre til god helse og meistring i befolkninga og berekraftig samfunnsutvikling.</i></p> <p><i>Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal har sidan 2015 vært med i Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Målet til Smart velferdsregion er auke kompetansen om digitalisering og smarte samfunn i Nord-Gudbrandsdal gjennom eit samarbeid mellom offentleg sektor, næringslivet, akademia og innbyggjarar/frivillige.</i></p> <p>Det skal også bidra til verdiskaping og sysselsetting der det er mogleg. Denne satsinga vil auke moglegheitene og legge grunnlag for eit innovativt og produktivt samarbeid mellom kommunane. Gode idéar som for den enkelte kommune ikkje vil være mogleg å realisere aleine, vil få eit større miljø å utvikle seg i. Dette er med på å kvalifisere og spisse satsinga, men også bidra med moglegheiter for</p>

	<p>utprøving, implementering og vidareutvikling der behovet og moglegheitene er størst.</p> <p>Ein har i perioden 2019-2022 arbeidd innanfor området tryggleik, sjølvstende og meistring for eldre, og barn, unge og vaksne med medfødt/tidleg erverva funksjonsnedsettingar, og digital heimeoppfølging. Det har også vore lagt ned ein stor innsats for å lyfte den digital helsekompetanse i regionen blant innbyggere og tilsette. Regjeringa har vedteke ei vidareføring av Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP) i perioden 2022 Målgruppa i perioden 2022-2024 er barn, unge og vaksne med medfødt/tidleg erverva funksjonsnedsettingar og digital heimeoppfølging. Det er nødvendig å sjå satsingane i NVP i samanheng med digital helsekompetanse. Ved å auka den digital helsekompetansen vil ein kunne ta ut potensialet for effektivisering, auka kvalitet og betre samhandling for heilskaplege tenester på fleire områder, og spesielt innanfor helse- og omsorgssektoren.</p> <p>Det blir færre yrkesaktive per pensjonist i åra framover og vi må omstille måten vi løyser oppgåvene på.</p> <p>Velferdsteknologi, kunnskap og kompetanse er tiltak som spelar ei sentral rolle i måten vi møter framtidens utfordringar på.</p> <p>Interkommunalt politisk råd ved kommunane i NG er vertsregion for helseregionsamarbeidet innan DHO for opptakområdet Innlandet.</p>
Målsetting	<p>I prosjektet «Økt selvstendighet og betre helse med digital heimeoppfølging for pasientar med kols, hjerte- og karsjukdomar, middels/moderat demens, diabetes og psykisk sjuke (depresjon)» er det sett som mål at Digital heimeoppfølging (DHO) skal være integrert i eit heilskapleg tilbod til desse pasientgruppene i dei tre regionane i løpet av prosjektperioden. Prosjektet vil samarbeide med helsefelleskapet og andre samarbeidsaktørane og ein vil dele erfaringar og samarbeide i prosjektperioden.</p>
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Sette i verk prosessar i h.h.t. vedtatt nasjonal og lokal plan, i samhandling med kommunane • Arbeide spesielt med organisering og drift av velferds-teknologi som ein del av ein heilskapleg tenestemodell for helse- og omsorg og oppvekst og den totale digitaliseringsprosessen i kommunane. • Kompetanseløft økt digitalt helsekompetanse • Etter- og vidareutdanning innan alders- og demenspsykiatri og velferdsteknologi • Velferdsteknologiens ABC, gjennomføre kurs for alle seks kommunane. Det blir også gjennomført lynkurs for leiarane i kommunane

	<ul style="list-style-type: none"> • Foreta ein kunnskapsgjennomgang og kartleggje behov og moglegheiter • Utrede og prøve ut digital heimeoppfølging • Koordinere tenesteutvikling- og endringsprosessar internt og i samarbeid med samarbeidsaktørane i prosjektet • I samarbeid med Nettverkskoordinator VFT i Innlandet, være en pådrivar for samarbeid og samhandling mellom aktørane i helsefellesskapet • Koordinere gevinstplanlegging og realisering • Utarbeide plan for utprøving og oppstart
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • NTNU og andre FoU-aktørar • Nasjonalt velferdsteknologiprogram (KS, Direktoratet for e-helse og Helsedirektoratet). • Tekna • Norway health tech • Norwegian smart care cluster • HelseInn • Private næringsaktørar • Frivillige • Regiondata • Kommuneadministrasjonane, Innlandet fylkeskommune og Statsforvalteren Innlandet • Nord-Gudbrandsdal Vidaregåande skule • Karriere Oppland Gudbrandsdal • Sykehuset Innlandet • Helsefellesskapet • USHT Innlandet • MedLearn • Lørn.Tech • Region Sør-Østerdalen • Livsglede for eldre • Fagskolen Innlandet • Digi Innlandet • Digital Innlandet • Velferdsteknologi koordinator Innlandet • E-helse Innlandet • Sykehuset Innlandet • Kommuneoverlege • Praksiskonsulentordningen
Løyving 2024	Ekstern finansiering

Digital heimeoppfølging	
Status	Toårig forsterka satsing på digital heimeoppfølging. «Innføring av digital hjemmeoppfølging av kronisk sjuke i regionane Nord-Gudbrandsdal, Sør- Østerdalen og Valdres» er eit samarbeid mellom 18 kommunar i Innlandet, fastlegar, helsefellesskapet og Sykehuset Innlandet. <i>Prosjektregnskap 293</i>
Beskriving	Digitalisering er eit satsingsområde i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Vi har ambisjonar om at kommunen skal vera i front i å utvikle et godt samarbeid med spesialisthelsetenestene om oppgåve- og ansvarsfordeling innan digital hjemmeoppfølging. I helse- og velferdssektoren vil innføring av e-helseløysingar for å beder og effektivisere arbeidsmetodar og implementering av velferdsteknologi vera viktige verktøy for å sikre berekraftige tenester også i framtida.
Målsetting	I prosjektet «Økt selvstendighet og betre helse med digital heimeoppfølging for pasientar med kols, hjerte- og karsjukdomar, middels/moderat demens og psykisk sjuke (depresjon)» er det sett som mål at Digital heimeoppfølging (DHO) skal være integrert i eit heilskapleg tilbod til desse pasientgruppene i dei tre regionane i løpet av prosjektperioden. Prosjektet vil samarbeide med helsefellesskapet og andre samarbeidsaktørane og ein vil dele erfaringar og samarbeide i prosjektperioden.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Foreta ein kunnskapsgjennomgang og kartleggje behov og moglegheiter • Utrede og prøve ut digital heimeoppfølging • Koordinere tenesteutvikling- og endringsprosessar internt og i samarbeid med samarbeidsaktørane i prosjektet • I samarbeid med Nettverkskoordinator VFT i Innlandet, være en pådrivar for samarbeid og samhandling mellom aktørane i helsefellesskapet • Koordinere gevinstplanlegging og realisering • Utarbeide plan for utprøving og oppstart
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Helsefellesskapet og Sykehuset Innlandet • Kommuneoverlege • Praksiskonsulentordningen
Løyving 2024	Ekstern finansiering

Status	Sel kommune fekk i 2020 status som omstillingskommune grunna nedlegginga av Nortura Otta og reduksjonen i private arbeidsplassar over fleire år. Programmet går fram til 2026, men er avhengig av årlege løyvingar frå KDD via Innlandet fylkeskommune. Frå 2. halvår 2021 er det tilsett programleiar i full stilling som rapporterer til eit omstillingsstyre samansett av ordførar og opposisjonsleiar frå Sel kommune, 4 representantar for lokalt næringsliv. Innlandet fylkeskommune og Innovasjon Norge Innlandet, nærings sjefen og kommunedirektøren i Sel deltek med observatørstatus.
Beskriving	I føresetnadene og planen for Styrk Sel er det lagt vekt på at omstillingsprogrammet skal ha eit regionalt perspektiv. Programmet skal bidra til å utvikla nettverk, samhandling og samarbeidsrelasjonar i næringslivet i regionen. Nye arbeidsplassar i Sel skal vere relevante for ein regional arbeidsmarknad. Programleiar skal difor ha tett dialog med IPR og dei næringsansvarlege i 6K.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til 210 arbeidsplasser, fordelt på 180 nye og sikring av 30 eksisterande arbeidsplassar • Utvikle innovasjons- og entreprenørskapskultur
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Stimulere til at bedrifter frå kommunane i regionen deltek i vekstprogrammet SMB-utvikling. Frå hausten 2023 blir også verksemdar frå Midt-Gudbrandsdal invitert. • Vidareutvikle nettverk for bedriftene som deltar i SMB-utvikling • Gjennomføre program for internships sommaren 2024 • Samarbeide med IPR og 6K Næring
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Innlandet fylkeskommune • Innovasjon Norge • Konsulentselskap innan næringsutvikling • Andre omstillingskommunar
Løyving 2024	100 000

Gudbrandsdalstinget	
Status	Gudbrandsdalstinget er satt saman av politisk valde representantar for kommunane Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebru, Sel, Skjåk, Vågå og Øyer samt Innlandet fylkeskommune. Statsforvaltaren Innlandet har møte- og talerett. Det same gjeld fylkeskommunedirektør og kommunedirektørar. <i>Prosjektregnskap 278</i>
Beskriving	Gudbrandsdalstinget er organisert i to årlege møteplassar der ordførar, opposisjonsleiar og kommunedirektør møter. Det er også organisert med eit arbeidsutval. Regionkontora rullerer på å ha sekretariat for Gudbrandsdalstinget. For 2024 skal Lillehammer-regionen ha ansvaret.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Tinget er ein politisk arena som skal ta opp og fronte felles politiske saker og fungere som eit tydeleg talerøyr for Gudbrandsdalen • Tinget skal utvikle ein felles politikk for viktige områder for Gudbrandsdalsamfunnet • Tinget skal fremje samarbeid og bidra til utvikling og verdiskaping i heile regionen
Prioriterte oppgåver	Å konkretisere målsetjingane gjennom aktiv bruk av styringsdokumenta.
Ressursar	Tidsressursar og direkte kostnadar til dette arbeidet må frigjevast frå eksisterande driftsressursar.
Løyving 2024	150 000

Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid	
Status	Økonomisk reserve for å møte uføresette hendingar i saker der kommunane har behov for regional innsats. <i>Prosjektregnskap 206</i>
Beskriving	Å ha handlingsrom til å kunne sette inn tiltak for å motverke negative samfunnsmessige konsekvensar.
Målsetting	Vere førebudd til å sette i verk raske tiltak ved behov.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Å kunne knyte til seg ekstern spisskompetanse som kan vere til hjelp i politiske prosessar
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Regionstyret • Representantskapet
Løyving 2024	Inga løyving

Politisk interessearbeid	
Status	Politisk interessearbeid <i>Prosjektregnskap 249</i>
Beskriving	Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal har hatt eit budsjettområde over mange år under denne tittelen. Dette området blir brukt til å finansiere delar av det politiske arbeidet i representantskapet og andre relevante fora og samarbeidsområder. Budsjettområdet krev ny løyving for dei komande åra. Det er eit løpande behov for ein utadretta aktivitet frå regionen. Det vil vere eit aukande behov for forsterka fokus og ressursbruk innan politisk interessearbeid i dei komande åra. Finansiere delar av det politiske arbeidet i representantskapet og andre relevante fora og samarbeidsområde.
Målsetting	Å sikre at regionen/ kommunane kan drive politisk interessearbeid.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Politisk interessearbeid i regionen og i samhandling med IFK • Politisk interessearbeid for å sikre og opprettholde statlig tjenesteproduksjon og tilstedeværelse i regionen
Ressursar	Regionstyret Representantskapet
Løyving 2024	150 000

Oppfølging av Hurdalsplattforma	
Status	<p>Hurdalsplattforma er førande for regjeringa sin politikk fram mot stortingsvalet i 2025. Plattforma inneheld mange mål og tiltak i distriktspolitikken og i utvikling av statlege, fylkeskommunale og kommunale tenester med relevans kommunane og regionsamarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen.</p> <p>Strategisk kompetansekartlegging: Alle kommunane melder om dei same utfordringane kring rekruttering. Arbeidet med strategisk kompetansekartlegging bør difor lyftast opp på eit regionalt nivå, slik at ein sikrar samordning.</p>
Beskriving	<p>Plattforma opnar moglegheiter for å trekke statleg merksemd og statlege ressursar og arbeidsplassar til vår region.</p> <p>Punktene i "Aktuelle oppgåver" er det mest relevante innhaldet i Hurdalsplattforma for oppfølging fra representantskapet.</p> <p>Representantskapet må avklare kva mål og tiltak som skal</p>

	prioriterast og definere korleis ein skal organisere arbeidet for å få størst mogleg verknad for vår region. Arbeidet må ha ei tydeleg politisk forankring og styring.
Målsetting	Dei politiske ambisjonane i Hurdalsplattforma skal i størst mogleg grad bli synlege i vår region gjennom prosjekt, pilotering, etableringar og styrking av tilbodet i offentleg, privat og frivillig sektor i Nord-Gudbrandsdalen.
Aktuelle oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Delta i utvikling av eit forenkla og meir tilgjengeleg og desentralisert verkemiddelapparat i samarbeid med m.a. Innovasjon Norge, Forskingsrådet, SIVA og Innlandet fylkeskommune. • Etablere nasjonalt utdanningstilbod i Nord-Gudbrandsdalen for nasjonal godkjenningsordning for lokal- og regionguidar, turleiarar og fjellførarar. • Bidra til kartlegging av mineralressursar i regionen. • Arbeide for å styrke Mattilsynet si avdeling på Otta. • Arbeide for ytterlegare reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i Nord-Gudbrandsdalen. • Ta del i auka tilbod om desentralisert etter- og vidareutdanning. Utreie etablering av campus i dialog med NTNU, HINN m. fl. i samarbeid med Innlandet. fylkeskommune/Karriere Innlandet. • Utvikle strategi for fleire statlege arbeidsplassar i Nord-Gudbrandsdal, mellom anna ved samlokalisering av statlege verksemdar i eit "Statens Hus". • Lansere ein eller fleire kommunar som pilot for nærttenestesenter. • Arbeide for at frie innovasjonsmiddel for fornying i offentleg sektor blir prøvd ut i vår region. • Lage regional plan for utbygging av ladestasjonar. • Utprøving av nye modellar for kollektivtilbodet ("smart mobilitet") i kommunar med spreidd busetnad. • Innføre ein Norges-modell med seriøsitetskrav for alle offentlege kjøp i våre kommunar. • Gjennomføre eit heiltidsløft i 6K. • Arbeide for at Hjerleid skole og handverkssenter blir eit nasjonalt senter for etter- og vidareutdanning av lærarar i praktiske og estetiske fag/eit nasjonalt senter for tradisjonshandverksfag. • Utreie etablering av eit nasjonalt senter for digital ungdomshelse i samarbeid med fylkeskommunen og Sykehuset Innlandet. • Delta i det nasjonale programmet for rusførebygging blant barn og unge.

	<ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp regjeringa sine tiltak for å sikre rekruttering av sjukepleiarar til særleg rekrutteringssvake distriktskommunar. • Tillitsreforma er lyfta fram som ei av regjeringa sine viktigaste satsingar. Reforma har som mål å frigjera tid og at oppspela til dette skal kome frå fyrstelina. <p>Ei av kommunane har eit prosjekt gåande saman med statsforvaltaren, der målet er å forbetre kommunedialogen. Arbeidet er vanskeleg utan at det statlege nivået gjer endringar. I dette arbeidet treng det eit større politisk påtrykk og fokus.</p>
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Innlandet fylkeskommune • Gudbrandsdalstinget • Opplandsbenken på Stortinget • Statsforvalteren • KS • NHO • LO • Destinasjonsselskapa i reiselivet • Norges Geologiske Undersøkelse - NGU • Husbanken • Distriktssenteret • Norsk Elbilforening • Hjerleid skole og handverkssenter • Norsk Kulturarv • Sykehuset Innlandet • HINN • NTNU
Løyving 2024	Løyvingar avklarast i samband med kvart einskild prosjekt/initiativ

Rekrutteringsarbeid - faste stillingar i regionadministrasjon	
Status	Etter vedtak i alle kommunestyra skal det etablerast ei fast stilling for å handtere gjennomføring av "Handbok og Viljeserklæring for interkommunalt samarbeid" og vidareføring av innovasjonsarbeidet i kommunane og det regionale samarbeidet. To av dei tre faste tilsette i administrasjonen i løpet av 2024 er i posisjon til å søke pensjon. Dagleg leiar meiner det er viktig å førebu seg på dette.
Beskriving	Om situasjonen oppstår må administrasjonen gåast igjennom for å sjå på korleis ein løyser oppgåvene.
Målsetting	Å sikre god overlapping av oppgåvene
Ressursar	Regionstyret og dagleg leiar
Løyving 2024	250 000

Satsingsområde 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Strategiar:

Påverknadsarbeid for å sikre fullføring av E6-utbygginga, og prioritering av hovudferdsleårene E6, Rv15 og E136, samt Dovrebanen og Raumabanen.

Politisk og strategisk påverknadsarbeid for å sikre at vår region får sin forholdsmessige andel av utbetningsmiddel til fylkesvegnettet.

Betre kollektivtilbod for reisande med tog og buss.

Arbeide for å få flyplass for el-fly og drone i Nord-Gudbrandsdal

Slutføre arbeidet med fiberutbygginga.

Styrke den sivile beredskapen gjennom teknologiutviklingsprosjektet Flaumrespons.

Nasjonal Transportplan 2025-2036	
Status	Regjeringa har starta arbeidet med rullering av Nasjonal Transportplan 2025 – 2036. Nasjonal Transportplan (NTP) er et sentralt dokument for utvikling av transporttilbodet i Norge. Det er beslutta å framskude NTP med eitt år, og at det tas sikte på å legge fram Stortingsmeldinga for Stortinget våren 2024.
Beskriving	Samferdselsutvalet er eit rådgjevande organ for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal, og er aktive pådrivarar for eit politisk fokus på samferdsel i regionen og i Gudbrandsdalen.
Målsetting	Målet med Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sitt engasjement med tanke på NTP, er å gje vår region sine interesser størst mogleg gjennomslag i Innlandet fylkeskommune, som er formell høyringspart, samt å styrke det regionale engasjementet rundt samferdselsspørsmål.
Prioriterte oppgåver	Politisk påverknadsarbeid mot Stortinget si handsaming av neste NTP våren 2024 Legge til rette for politisk påverknadsarbeid ved aktiv deltaking i samferdselselfora.
Ressursar	Samferdselsutvalet
Løyving 2024	Inga løyving

Innspel som synleggjer våre prioriteringar til Innlandet fylkeskommune/Fylkesvegprogrammet og mobilitet	
Status	Fylkestinget vedtek 4-årige handlingsprogram for drift, vedlikehald og investeringar for fylkesvegnettet i Innlandet. Handlingsprogrammet for 2022-25 (-27) vart vedteke av fylkestinget i oktober 2021. Løyvingar til fylkesvegar vert endeleg fastsett av fylkestinget i samband med den årlege behandlinga av fylkesbudsjettet.
Beskriving	God infrastruktur er ein føresetnad for busetting og arbeidsliv i heile Innlandet, og det er difor viktig å sikre at både veg og bane er godt framkomelege. Klimaendringar skapar utfordringar for infrastrukturen i fylket, der mellom anna flaum og skred påverkar drift, vedlikehald og beredskap. Det er behov for betydelege investeringar for å skape et meir robust fylkesvegnett som er rusta for framtida.
Målsetting	Sikre at vår region får sin forholdsmessige del av utbetringsmiddel til fylkesvegnettet.

Prioriterte oppgaver	Fylkeskommunen har ein årleg gjennomgang av tiltaka i programmet parallelt med arbeidet med fylkesbudsjettet for det komande året. Medlemmane i Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal bør vera pådrivarar for at kommunane som formell høyringspart er aktive i denne prosessen.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Samferdselsutvalet • Kommunane
Løyving 2024	Inga løyving

Luftfart	
Status	<p>IPR Nord-Gudbrandsdal gjorde følgjande vedtak i møte 01.10.21: Regionrådet v/representantskapet gjev dagleg leiar mynde til å inngå avtale med ekstern prosjektleiar for å gjennomføre fase 1 i arbeidet med elfly.</p> <p>Vi har gjennom 2023 hatt fleire møter med Widerøe Zero med mål om å bli assosiert deltakar i eit av forskingsprosjekta som er i oppstart. Vi fekk i oktober melding om at dei ikkje har kapasitet til å inngå fleire regionale samarbeid akkurat nå. <i>Prosjektregnskap 288</i></p>
Beskriving	<p>Nord-Gudbrandsdal er den regionen i landet med størst avstand til næraste fast trafikkerte flyplass. Dette gjer at reisetid til/frå viktige destinasjonar er lang. Flysamband til utvalde destinasjonar vil redusere reisetida, vera positivt for besøksnæringane, næringslivet generelt og den enkelte innbyggjar, og bidra til positiv utvikling i regionen.</p> <p>Det har vore krevjande å få etablert ein flyplass og ynskte flysamband. Høge investerings- og faste driftskostnader, målt opp mot sannsynleg trafikkvolum, verker å være hovudårsaka.</p> <p>Teknologiskiftet med innfasing av el-fly kan bli ein viktig drivar for å redusere kostnader i luftfarten. Dette vil gjere ei etablering av flyplass og flysamband i Nord-Gudbrandsdalen meir realistisk enn tidlegare.</p>
Målsetting	Leggje grunnlag for el-flytrafikk i regionen når dette blir teknisk, marknadsmessig og juridisk mogleg.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget om framtidens luftfartsløysingar • Synleggjera regionens behov for effektive transportløysingar, inklusive luftbaserte løysingar, for fylkeskommunale og statlege beslutningstakarar. • Kople på fylkeskommunen som bidragsytar • Vidareutvikle kontakten med Widerøe Zero, for på sikt å etablere ei formell rolle i deira program. • Periodisk vurdere om det er andre initiativ enn det Widerøe står for, som regionen bør knytte seg til for å nå overordna mål.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Widerøe Zero • Kommunane • Fylkeskommunen • Ekstern rådgjevar
Løyving 2024	Inga løyving

Breiband	
Status	<p>Største del av regionen er i dag under utbygging, er utbygd eller utbygging ligg ute på anbod. Det står igjen husstandar i Sel kommune som enno ikkje er søkt støtte frå den statlege breibandsordninga til. Kommunen planlegg å søkja støtte i 2024. Elles er husstandane i regionen i prosess. Det er verdet å merka seg at det i eit par område er meldt store forseinkingar grunna sein leveranse på tilgong til infrastruktur frå nettselskap og etterdønningar etter uveret «Hans».</p> <p><i>Prosjektrekningskap 276</i></p>
Beskriving	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareføre eit regionalt prosjekt som skal sikre at finansierte og pågåande prosjekt blir sikra gjennomføring. Ved tildeling av middel, følge opp løyvingar med anbodsutlysing og kontraktskriving med aktuell utbygger • Følge opp utbyggingskontrakt gjennom utbyggingsperioden • Sjå på alternative løysingar for god kommunikasjon (via mobilmaster) der fiber ikkje er mogleg • WIFI-soner i kommunal regi <p>Prosjektet skal omfatte:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av status og dekning breiband - Masterplan for utbygging <ul style="list-style-type: none"> Kva er utbygd? Kva slags utbyggingsplanar ligg føre? Kva er behovet? Kva er realistisk å få utbygd? • Kontraktskriving med aktuell utbyggjar • Oppfølging av framdrift i det einskilde byggeprosjektet • Rapportering av prosjektet
Målsetting	<p>Gje alle innbyggjarane og næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen tilgang til breibandsnett (med minst 100 Mbit/s nedlastningshastighet) Den infrastrukturen som er i dag må sikrast. Det er viktig å få dei enkelte aktørane til å samarbeide, og viktig å sikre redundantordningar.</p>
Prioriterte oppgåver	Vidareføre eit regionalt prosjekt ved kjøp av ekstern rådgjeving
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftselskapa • Kommunane • Innlandet fylkeskommune • Utbyggingsselskap • Ekstern rådgjevar
Løyving 2024	Inga løyving

Satsingsområde 3 – ATTRAKTIVITET

Strategiar:

Arbeide for å bremse folketalsnedgangen ved å utvikle innsatsområde i samarbeid med kommunane.

Trekke til seg og inkludere nye innbyggjarar, samt å ha fokus på å behalde eksisterande innbyggjarar.

Legge til rette for og skape felles arena for ungdom i prosjekt på tvers av kommunegrenser

Legge til rette for profilering av nasjonalparkregionen Nord-Gudbrandsdal.

Arbeide for å betre utdanningstilbodet i regionen.

Vidareutvikle Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule sine avdelingar på Dovre, Otta og i Lom.

Nærleik til gode offentlege tenester i heile Nord-Gudbrandsdalen.

Arbeid og bustad	
Status	Interkommunalt politisk råd arbeider for å skape eit godt omdøme for regionen gjennom ulike tiltak for å tryggje gode oppvekstmiljø, styrke folkehelsa og trekke til seg fleire innbyggjarar og arbeidsplassar. Tilflyttararbeidet er samla under komtiloss.no. <i>Prosjektregnskap 277</i>
Beskriving	<p>Gjennom «Kom til oss» arbeider vi for å gjere Nord-Gudbrandsdal meir tydeleg som tilflyttingsregion, m.a. gjennom synlegheit i sosiale media, nettside og omtale i media.</p> <p>Planlagde tiltak:</p> <p>Bustadtorget Nord-Gudbrandsdal Blir vidareført som ei lågterskel plattform/eit forum for formidling av eigedom. Her kan dei som ønskjer å selje eller leige ut ein bustad, og dei som er på utkikk etter ein stad å bu, enkelt kome i kontakt med kvarandre.</p> <p>“200 ledige hus”/regional bustadkonferanse Kartlegging og registrering av ledige småbruk og bustader til leige eller til sals. Synleggjere desse gjennom nettsida www.komtiloss.no Dette arbeidet blir gjort i samarbeid med dei næringsansvarlege og landbrukskontora i kommunane.</p> <p>Stillings- og Lærlingsleppet/jobbmesse Ei fast, årleg fellesutlysing av ledige stillingar i regionen. Stillings- og lærlingsleppet 2024 blir 8. februar, og vert sett i samanheng med arbeidslivsdag og jobbmesse. Arbeidsgjevarar får publisert sine stillingsannonser kostnadsfritt på IPR Nord-Gudbrandsdal si plattform.</p>
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Trekke til seg og behalde fleire innbyggjarar i Nord-Gudbrandsdal • Bidra til at private og kommunale verksemder får auka marknadsføring/merksemd rundt sine ledige stillingar, og dermed fleire søkjarar. Synleggjere mangfaldet i arbeidslivet i Nord-Gudbrandsdal. Etablere nettverk mellom bedrifter som kan auke konkurransekrafta • Bidra til at det blir sett fokus på Lærlingplassar og yrkesfagutdanning • Få synleggjort fleire ledige småbruk og hus i regionen på vår plattform komtiloss.no • Sette fokus på utleie/bustadbygging • Få sett i gang ein prosess med ein felles marknadsføringsstrategi for regionen

	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til å jamna ut sosiale forskjellar gjennom verdiar som mangfald og inkludering. • Informere og motivere skulane til å ta i bruk metoda "Fysisk Aktiv Læring" (FAL). FAL er ein metode for læring med ei heilskapleg, pedagogisk tilnærming som bidreg til ein meir variert, praktisk retta og fysisk aktiv skolekvardag.
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Koordinere/kartlegge ledige småbruk og hus saman med kommunane • Arrangere ein bustadkonferanse • Starte prosessen om ein marknadsføringsplan for regionen • Formidle, marknadsføre og bli meir synleg ved m.a. å halde heimesida www.komtiloss.no oppdatert, utnytte eksisterande infrastruktur til informasjon og klargjere nettsida for registrering og publisering av ledige stillingar/lærlingplassar • Skape merksemd og engasjement rundt «Stillingsleppet» og «Lærlingsleppet», og sikre at mange bedrifter registrerer sine ledige stillingar/lærlingplassar • Initiere/samkøyre velkomstpakker til nye innbyggjarar • Vidareføre arbeidsgruppa for Fysisk Aktiv Læring på tvers av skulane og faggrupper, og initiere oppstart av eit utdanningsløp for lærarar i regionen <p>"E æ aktiv, æ du?"</p> <p>Det er eit fritidstilbod for barn og ungdom med spesielle behov i Nord-Gudbrandsdal der dei kan få aktivitetar som er tilrettelagte. Starta opp i 2013 i eit samarbeid med kommunane. Det blir arrangert aktivitetsdagar i alle kommunane og etablert eit langsiktig, inkluderande og forutsigbart tilbod. Arbeidet blir organisert gjennom ei prosjektgruppe med representantar frå alle 6 kommunane med kommunefysioterapeut/helsesystem og foreldreprerantar. Familiane som deltek betaler ein eigenandel pr. aktivitetsdag. I 2024 vil det bli arrangert kurs/møter med aktuelle tema for foreldre.</p>
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Tilflyttaransvarlege og landbrukskontora i kommunane • NAV, Opplæringskontoret for fleire fag, NGVGS • Næringslivet i regionen • Innlandet fylkeskommune • Kjøp av ekstern kompetanse/tenester
Løyving 2024	450 000

Styrka frivillighet i Nord-Gudbrandsdal	
Status	Idrettsråd, idrettslag, kommunar og idrettskrets opplev utfordringar med å oppretthalde dei tradisjonelle strukturane og tilboda innanfor dei organiserte fritidstilboda. <i>Prosjektregnskap 292</i>
Beskriving	Vi har gjennomført eit forprosjekt med kartlegging av status og utvikling av forslag til tiltak i samarbeid med idrettslag, idrettsråd og utvalde friviljuge lag. Nå ønskjer vi å planlegge oppstart av eit 3-årig pilotprosjekt. Tidsramme: 1. september 2023 – 1. september 2026
Målsetting	Hovudmålsetjinga er korleis vi skal halda oppe breidde i tilbod og sosiale arenaer når føresetnadene blir endra så mye og så raskt. Delmålsetjinga er: <ul style="list-style-type: none"> • Styrke kunnskap og medvit om utfordringar knytta til rekruttering av frivillige til idrett og frivillige organisasjonar • Styrke kunnskap og medvit om korleis frivilligheita kan tilby allsidig fritidstilbod i ein situasjon med negativ befolkningsutvikling • Definere tiltak som kan bli sett inn for å avhjelpe endra føresetnader for frivilligheita i form av negativ befolkningsutvikling og aldrande befolkning • Oppstart av eit pilotprosjekt i 2024 • Involvere og gi alle frivillige lag og foreiningar i hele regionen moglegheit til å medverka i prosjektprosessane
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Skrive søknad og skaffe finansiering til et pilotprosjekt • Forankring av pilotprosjektet hos politikere, lag og foreningar i hele regionen • Oppstart pilotprosjekt
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Idrettsråd og idrettslag, • Andre friviljuge organisasjonar • Kommunane • Innlandet Fylkeskommune • Innlandet Idrettskrets • NAV • Flytkningtenestene • Helsestasjonar • Stillingsressurs på 60% IPR og 40% ekstern
Løyving 2024	250.000

Kjøp av tenester til profilering	
Status	Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal treng ekstern kompetanse til profilering og marknadsføring av tiltak som ligg under "Attraktivitet". <i>Prosjektregnskap 277</i>
Beskriving	Profilering og marknadsføring spesielt med tanke på Stillings- og lærlingsleppet 2023, drifte facebookgruppene "komtiloss", "Boligtorget Nord-Gudbrandsdal" og Instagramkontoen "komtiloss". Oppdatere og halde ved like nettsida komtiloss.no.
Målsetting	Ha ein profesjonell profil og ei god, digital marknadsføring for å nå ut til eit breitt publikum.
Prioriterte oppgåver	Kjøp av tenester innan digital marknadsføring
Ressursar	Fortrinnsvis lokale aktørar som kan levere eit godt, digitalt produkt til profilering og marknadsføring
Løyving 2024	180 000

Ung i Nasjonalparkriket	
Status	Vidareføring. <i>Prosjektregnskap 233</i>
Beskriving	Ung i Nasjonalparkriket er området som går på aktivitetar for ungdom under IPR Nord-Gudbrandsdal. Nord-Gudbrandsdal er den regionen som har størst folketalsnedgang og det er viktig å ta ungdom inn i prosjekt som inspirerer til å bli aktive samfunnsdeltakarar, tenkje nytt og skape verdier. Det er viktig å støtte eksisterande ungdomstiltak i kommunane og vere ein pådrivar for å initiere nye. Tiltaka skal vera i tråd med Innlandet fylkeskommune og Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sine strategiar. Ung i Nasjonalparkriket skal vere eit bindeledd mellom fylkeskommunen/IPR Nord-Gudbrandsdal og kommunane i saker som er aktuelle for ungdom.
Målsetting	<ul style="list-style-type: none"> • Auke attraktiviteten gjennom m.a. å gjere det betre å bu, leve, arbeide og utdanne seg i Nord-Gudbrandsdal • Skape ein identitet, gjere ungdom stolte av regionen • Skape trygge arenaer der ungdom kan vise sine kreative evner, få inspirasjon av andre, og inspirere til innovasjon og gründerskapstanke • Skape arenaer som kan stimulera ungdom til å ta utdanning innan bransjar som regionen har bruk for
Prioriterte oppgåver	Elevbedriftsmesse Otta kulturhus/NGDVGS i april 2024 for elevar på 9. trinn frå heile regionen. Skulane startar arbeidet med elevbedriftane om hausten

Juryar for fleire kategoriar vurderer bedriftane. Juryane er samansatt av folk frå det private næringsliv og kommunane. Dei elevbedriftane som juryane kjem fram til er dei beste, får tilbod om å gå vidare til fylkesmesterskapet for Innlandet. Ungt Entreprenørskap Innlandet har ansvar for det faglege.

"Ung i reiselivet"

Ei 2-årig rekrutteringsprosjekt for utvalde ungdomsskuleelevar i Gudbrandsdalen – til to utdanningsprogram som rekrutterer til mat- og reiselivsbransjen. Første gang gjennomført i 2023.

Initiert og blir gjennomført av Opplæringskontoret Brimi-kjøken, Lærlingkontoret Gudbrandsdalen, IPR Nord-Gudbrandsdal v/Ung i Nasjonalparkriket, lokale reiselivsbedrifter, Gudbrandsdalsmat og Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule.

Elevgruppa vil få tilbod om fleire aktivitetar der dei saman kan dyrke interessa si for mat- og reiselivsfag.

“Ein drømmedag” blir gjennomført våren 2024. Elevane vil få erfare korleis det er å arbeide ein dag i ei reiselivsbedrift. SSR-elevane med vertskapsoppgåver saman med reiselivsmedarbeidarar, RM-elevane med dagens meny saman med kokkar på kjøkenet. Alle elevar skal vere på godkjente lærebedrifter. Dagen vil bli avslutta på Vianvang hjå Arne Brimi, der elevane gjev inviterte gjestar eit godt måltid.

Ung Kultur Møtes (UKM)

UKM har eigen styringsgruppe og arbeidsgruppe satt saman av personressursar frå alle seks kommunane. Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal støtter tiltaket med økonomisk bidrag.

Arbeidsgruppa re-organiserte UKM arbeidet i 2022.

UKM Norddalen ønsker å bruke unge (vaksne) i alle ledd og vera ein arbeidsgjevar som legg til rette for å få dei frå dalen som har teke utdanning i ulike kulturfag, ein god start på arbeidslivet. Av desse er det sett saman ei produksjonsgruppe som skal ha ansvaret for sjølve mønstringshelga.

Hovudfokuset for styringsgruppa skal nå vera UKM som ein heilårleg barne- og ungdomsaktør der dei skal sjå på kva UKM kan gjera for å fylle opp mandatet til den nye oppvekstreformen “laget rundt barnet”, og bli ein fast heilårleg aktør.

Kvar kommune betaler inn ein eigenandel til UKM, men dei er i tillegg avhengige av sponsorar.

Samling for ungdomsråda i Nord-Gudbrandsdal

Skape ein arena der ungdomsråda i kommunane i Nord-Gudbrandsdal kan samlast for å utveksle erfaringar, ta opp kva som er utfordringar,

	<p>diskusjon rundt saker som er aktuelle for ungdom i Nord-Gudbrandsdal, og lære av kvarandre.</p> <p>Skal gjennomførast om hausten etter at ungdomsråda har gjort sine konstitueringar.</p> <p>Kan vera dagsamling eller med overnatting. Engasjere ekstern foredragshaldar med aktuelle tema.</p>															
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsmedarbeidarar/ungdomsrådssekretærene/ruskoordinator • Ungdomsråda • Innlandet Fylkeskommune • Ungt Entreprenørskap Innlandet • Opplæringskontoret Gudbrandsdalen • Gudbrandsdalsmat • Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule • Ungdomskulane i regionen 															
Løyving 2024	<p>270 000</p> <p>Fordelt slik:</p> <table> <tr> <td>Ung i Nasjonalparkriket</td> <td>180 000</td> <td>Pnr 233</td> </tr> <tr> <td>Regionmesse for elevbedriftar</td> <td>Ingen nye løyvingar</td> <td></td> </tr> <tr> <td>UKM</td> <td>30 000</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Ung i Reiselivet</td> <td>Ingen nye løyvingar</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Samling for ungdomsråda i NGD</td> <td>60 000</td> <td></td> </tr> </table>	Ung i Nasjonalparkriket	180 000	Pnr 233	Regionmesse for elevbedriftar	Ingen nye løyvingar		UKM	30 000		Ung i Reiselivet	Ingen nye løyvingar		Samling for ungdomsråda i NGD	60 000	
Ung i Nasjonalparkriket	180 000	Pnr 233														
Regionmesse for elevbedriftar	Ingen nye løyvingar															
UKM	30 000															
Ung i Reiselivet	Ingen nye løyvingar															
Samling for ungdomsråda i NGD	60 000															

Ungdomsmusikalen Nord-Gudbrandsdal	
Status	<p>På grunn av for liten interesse frå ungdomane vart prosjektet med musikalen "Flashdance" 2022/2023 ikkje sett i gang.</p> <p>Å ha ansvar for produksjon av ein ungdomsmusikal krev minimum ein 40 % stillingsressurs ved regionkontoret, og dette er ikkje mogleg innanfor rama som finns i dag.</p> <p><i>Prosjektregnskap 280 og 291</i></p>
Beskriving	<p>Ungdomsmusikalen vart fyste gongen arrangert i 1998, og har vore for ungdom frå 10.klasse og oppover</p> <p>Alle som har meldt seg på har fått eit tilbod. Audition har vore i september og premieren i mars året etter totalt 10 øvingshelger. Det har vore vist 8-9 forestillingar.</p> <p>Tilboda har vore song, dans, instrument, skodespel, sceneteknikk, lyd, ljós, sminke og kostyme</p> <p>Rettigheitar til musikalane har vorte innhenta frå Dramas Norge, England og USA.</p> <p>Profesjonelle instruktørar innan fagfelte, song, dans, musikk, lyd og ljós har instruert ungdomane i 7-8 månader.</p>

	Mange ungdomar har brukt musikaldeltakinga som eit springbrett til vidare satsing på fagfelta, og mange har gjort suksess både i inn- og utland innan sine felt.
Målsetting	Målsetting for ungdomsmusikalen har vore: <ul style="list-style-type: none"> • Skape trygge arenaer for ungdom der dei kan få vise kreativiteten og talenta sine, og arbeide med eit prosjekt over tid • Auke attraktiviteten gjennom mellom anna å gjere det betre å bu, leve, arbeide og utdanne seg i Nord-Gudbrandsdal • Skape ein identitet, gjere ungdom stolte av regionen • Ungdomsmusikalen i Nord-Gudbrandsdal skal framleis vere ei merkevare som har verdi for heile regionen
Prioriterte oppgåver	Lage eit arrangement som "oppsummerer" alle musikaloppsetningene sidan oppstarten. Skal i hovudsak vere eit tilbod til ungdom i målgruppa, men med innslag fra "gamle" musikaldeltakarar.
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Eksterne sponsormidlar • Instruktørar • Kommunane
Løyving 2024	Inga løyving

Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	
Status	Vidareføring av årleg rammeløyving.
Beskriving	<p>Kulturnæringane har potensial for vekst.</p> <p>Løyvingar skal øyremerkjast kultur- og naturbaserte arrangement i kommunane.</p> <p>Arrangementa skal ha økonomiske ringverknader, utviklingspotensial og profilere regionen på ein god måte.</p> <p>Midlar blir lyst ut med søknadsfrist 01.02.</p> <p>Løyvingar skal tildelast etter desse retningslinene:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Aktiviteten skal ha privat eller friviljug eigarskap 2. Aktiviteten skal ha kommersielt fokus som gjev økonomisk effekt for bedrifter og/eller frivillig sektor 3. Årvisse aktivitetar med underskot over fleire år må vise til nødvendig omstilling/utvikling for å bli prioritert 4. Arrangør skal leggje fram eit budsjett med minimum 50 % eigeninnsats i form av billettinntekter, salsinntekter, eigenkapital og/eller arbeidsinnsats

	<p>5. Aktiviteten skal eigast av ein registrert organisasjon (registrert i foretaksregister eller frivillighetsregister) Som hovudregel skal forretningsadresse vera i Nord-Gudbrandsdal</p> <p>6. Kostnader til fysiske investeringar kan ikkje vera ein del av søknadsgrunnlaget</p> <p>7. Aktiviteten skal gjennomførast i Nord-Gudbrandsdal.</p> <p>8. Aktiviteten bør ha eit langsiktig perspektiv med utviklingspotensial</p> <p>9. Aktivitetar som fremjar samarbeid blir prioritert</p>
Målsetting	<p>Styrke næringspotensialet i denne type arrangement.</p> <p>Medverke til å gje innbyggjarar og tilreisande gode opplevingar.</p> <p>Stimulere til aktivitetar med eit langsiktig perspektiv.</p>
Prioriterte oppgåver	<p>Det skal leggjast særleg vekt på å styrke vinklinga mot ein næringsmessig utvikling av dei ulike arrangementa.</p> <p>Fordele middel etter søknad om støtte til kultur- og naturbaserte arrangement.</p> <p>Evaluerer ordninga.</p>
Ressursar	<p>Dagleg leiar får fullmakt til å fordele rammeløyvinga etter innstilling frå 6K Næring.</p>
Løyving 2024	600 000

Medlemskap i nettverk	
Status	<p>Betale deltaking i:</p> <p>Fjellnettverket, Ungt Entreprenørskap og HelseInn</p> <p><i>Prosjektregnskap 287</i></p>
Beskriving	<p>Fjellnettverket</p> <p>Eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Norge. Fjellnettverket er eit politisk nettverk, og er ikkje eit eige rettssubjekt. Fjellnettverket arbeider for levande og livskraftige bygder i fjellområda. Fjellnettverket er pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdiar i fjellområda gjev grunnlag for utvikling og trivnad i fjellbygdene.</p> <p>Ungt Entreprenørskap</p> <p>Ein ideell, landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar arbeider for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skape glede og tru på seg sjølve. Organisasjonen er ein brubbyggjar mellom skule og arbeidsliv.</p>

	<p>Gjennom denne avtala ønskjer Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal å fremje kreativitet og entreprenørskap i skulen og at UE sine program blir brukt av kommunane.</p> <p>Program som avtala omfattar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vårt lokalsamfunn, 4. trinn • Smart, 5. trinn • Økonomi og karriereval, 9.trinn • Elevbedrift, 9. trinn <p>HelseINN</p> <p>I 2022 vart kommunane med i HelseINN koordinert og finansiert gjennom IPR. HelseINN er ei helseklynge for samhandling og innovasjon mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Saman med medlemsbedriftene arbeider HelseINN for eit betre folkehelseilbod og smartare helsetilbod for innbyggjarane. HelseINN er organisert som ei ideell foreining. HelseINN med sitt nettverk er ein viktig bidragsytar i regionalt innovasjon- og forskingsarbeid. Medlemskapet vidareførast på same vilkår som i 2022 med ein samla kontingent på 200 000 kr der 100 000 blir dekkja av partnerskapsmiddel, frå Innovasjonsverkstad, og resterande beløp frå Smart velferdsregion.</p>
Målsetting	Sikre at regionen har tilgang til nettverka over, og gjer seg nytte av ressursane nettverka representerer
Prioriterte oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> • Politisk deltaking i Fjellnettverket • Sikre eit godt utdanningstilbod for innbyggjarane innan livslang læring • Motivere grunnskulane i regionen til å bruke tilbodet frå Ungt Entreprenørskap • Nytte HelseINN si kompetanse i utvikling og gjennomføring av prosjekter og kompetansetiltak
Ressursar	<ul style="list-style-type: none"> • Politikarar • Grunnskulane og NGVGS
Løyving 2024	150 000